



Hordaland politidistrikt  
Postboks 285 Sentrum  
5804 BERGEN

Dato: 19.02.2015  
Vår ref.: 2014/14561-75  
Saksbehandlar: pernord1  
Dykkar ref.:

## Politiet sitt publikumstilbod for pass

Hordaland fylkeskommune er gjennom media gjort kjent med at publikumstenesta knytt til pass skal flyttast fra Politihuset i Bergen sentrum til Bergen vest politistasjonsdistrikt i Fyllingsdalen. Dette inneber etter det vi kan sjå at publikum frå eit stort geografisk område no må møta opp i Fyllingsdalen for å ordna pass.

Hordaland fylkesting vedtok i desember 2014 *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel*. Politiet ved Hordaland politidistrikt var invitert til å delta i planarbeidet og bidrog. Planen skal leggjast til grunn for mellom anna statleg verksemd. Sentrale fokusområde er å skapa tette og attraktive sentrum med mangfald og breidde i tilbod, slik at ein oppnår synergier og stimulerer kollektivtransport og reduserer reisebehovet.

Det er ei sentral retningsline i planen at publikumsretta tenester som omfattar heile kommunen i hovudsak skal lokalisera i sentrum av kommunenesenteret, tilsvarende for region- og fylkesnivå. Politiet si endring av pass-tenesta ved flytting til Fyllingsdalen oppfattar vi som direkte i strid med Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

På bakgrunn av fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør, og med heimel i regional plan ber vi difor om informasjon om dei endringar politiet planlegg når det gjeld tilbod til publikum knytt til pass. Særleg ønskjer vi informasjon om korleis dette har verknad for publikum når det gjeld tilgjengeleghet, reisebehov og tidsbruk.

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Marit Rødseth  
plansjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.